

Mjåtveit 10.9.2017

RAPPORT OG FRAMDRIFTSPLAN FOR JORDPLANERING OG JORDPÅFYLLING PÅ MJÅTVEIT, GBNR.22/4.

Adm.vedtak. Saknr.428/2015

Arbeidet med dette feltet har hatt god framgang i sommar, og det er hausta god avling på storparten av feltet. Vollar, avskjeringsgrøfter og driftsvegar har fungert etter planen. Vi har nytta alle periodar der vi værmessig har kunna arbeidd på feltet. Vi har dessverre mangla litt godvær frå tidleg juni og til ut i september. Feltet har stort sett vore halde grønt under arbeid. Vi manglar litt massar for å få nok fall/profilering på resten av feltet. Vi tek ikkje imot blaute massar men treng ein del tørre massar. Det har ikkje vore skikkeleg fart i entreprenør bransjen i det siste, men vi har utsikter til å få inn det som trengs, slik at vi får sådd resten til våren.

Med helsing


Magnar Askeland